



Arkivnr: 2018/16480-61  
Saksbehandlar: Marielle Solheim

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland		14.03.2019

### Val av leiar

#### Samandrag

Som orientert om i møtet 17.01.19, i PS 6/19, har Kåre Ystanes søkt fritak for den resterande perioden i fylkeseldrerådet, både som medlem og frå vervet som leiar. Denne søknaden vil verte handsama av valnemnda og fylkestinget 05.03.19.

Det følger av Hordaland fylkeskommune sitt delegasjonsreglement og Eldrerådsløva § 6 tredje ledd at rådet sjølv peikar ut leiar og nestleiar, og at desse skal veljast ut mellom pensjonistane.

Dersom søknaden til Ystanes vert innvilga, vil fylkeseldrerådet kunne velje ny leiar i sitt møte 14.03.19. Skulle nestleiar verte vald som ny leiar, kan ein straks deretter velje ny nestleiar.

Med førehald om at Ystanes sin søknad vert innvilga av fylkestinget 05.03.19, vert fylkeseldrerådet no bedne om å velje ny leiar.

### Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Bertil Søfteland  
leiar fylkessekretariatet

Marielle Solheim  
administrativ sekretær

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*